

Referat frå soknerådsmøte i Fresvik 8/3-2020

Desse møtte: Geir Ove Bøthun, Rolf Arne Olsen, Frode Høgberg, Bente Settevik og Marianne Bøthun.

Sakliste:

1 / 20 – Godkjenning av innkalling og sakliste. Godkjent.

Godkjenning av referat frå sist møte. Sein utsending, ellers godkjent.

2 / 20 – Gudsteneste og planlegging av årsmøte for 2019

Sjølv om det ikkje er tilsett ny prest, så er det sett opp gudsteneste ved Kjetil Netland 15.mars. Bente og Geir Ove er vertskap og Marianne ordnar med blomster til dekor. Offer til Kirkens nødhjelp.

Vedtak om å leggja tidlegar utsett årsmøte for 2019 til kl 16.00 same dag etter gudstenesta. Vanlege årsmøte saker. Anita Høydal skriv årsmelding og Sigmund Hauglum har klart rekneskap for 2019. Alle i soknerådet tek med seg ei kanne kaffi og Marianne tek med ei kake og kjøper inn det som er naudsynt. Marianne skriv plakat/legg det inn på FB og ordnar med evt. kyrkjeskyss.

Før det blir tilsett ny prest, er det litt usikkert m.o.t datoar for andre gudstenester frametter.

3 / 20 – Tilsetting av nye sokneprest i Vik

Det er orientert i felles soknerådsmøte i Vik angående tilsetting av nye prestar i Vik, på fengselet og for Feios/Fresvik. Det er skrive uttale frå fellesmøtet i anledning tilsetting av sokneprest i Vik.

5 / 20 – Førespurdnad frå Fresvik Sogelag om ivaretaking av gamle gravminner

Sogelaget ynskjer å ta vare på og restaurere to gravminne i støypejern frå om lag 1802 og 1850 tilhøyrande storfamilien Lunde og sorenskrivar Johan Henrik Cappelen. Begge gravminna er i dårleg forfatning. Kulturavdelinga i Vestland vil bli rådspurd om tiltak.

Soknerådet ser positivt på tiltaket.

6 / 20 – Førespurdnad frå Bjarne Bjørkevoll om evt. minnelund i Fresvik

Dette for dei som ynskjer gravlegging/gravminne i Fresvik uten at slektningar som evt. bur langt vekk skal måtte ta på seg stell av graver.

Vedtak om at soknerådsleiar undersøker med kyrkjekontoret i Vik kva som er mogleg.

7 / 20 – Rolf orienterer frå Fellesrådet i Vik kommune.

Rolf var dessverre forhindra frå å reise grunna sjukdom.

8 / 20 – Trong for diverse utbetering ved Fresvik kyrkje

Geir Ove, Bente og Marianne har gjennomført ein liten runde kring kyrkje og uthus for synfaring av naudsynt vedlikehald/tiltak frametter. Både kyrkjedør og bordlister/kledning på vegg til inngongsparti er dårleg.

Soknerådsleiar undersøker kva som er av midlar til utbetring lokalt/nasjonalt.

9 / 20 – Kyrkjekonsert(ar) i samband med Fres festival på Skau

Marianne har vore i litt kontakt med arrangørane til rockefestivalen om mogleg samarbeid om innleige av ein artist også for å halda konsert i kyrkja. Også tildlegare prest Stein Arne Larsson og andre lag/org. kan vere aktuelle å samarbeide med.

Soknerådet er positive til å ta i bruk kyrkja litt meir til konsertar o.l.

10 / 20 – Oppretting av gjevarteneste for Vik kyrkjelyd

Olav Martin Hove har teke til orde for oppretting av ei gjevarteneste/«fadderordning» for kyrkjelydande i Vik. Dette som eit månadleg bidrag frå gjevar. Meir informasjon om og høve til å opprette avtale kjem i neste kyrkjelydsblad.

Soknerådet er positive, men avventande til kva som skjer vidare m.o.t. dette.

Neste møte i soknerådet: Dato blir bestemt seinare.

Då må ein ta tak i Fasteaksjon, dugnad på kyrkjegarden før 17.mai og konfirmasjonstreff for 50-års konfirmantane.

Referent: Marianne B